



Avtale om kompensasjonsmidlar for veterinærpraksis på dagtid i Vaksdal og Modalen kommunar frå 01.04.2017 – 31.12.2020.

Veterinær **Asle Bjørngaas** byrjar som privatpraktiserande veterinær i Vaksdal og Modalen kommunar frå 1. april 2017. Kommunane vert veterinæren sitt primærområde på kvardagar mellom kl. 08.00 og 16.00 (ordinær arbeidstid).

Føremålet med avtalen er;

1. *å sikre tilgang til veterinærtenester i kommunane på dagtid (kl 8-16), måndag – fredag.*
2. *å sikre bønder med produksjonsdyr tilgang til veterinær på dagtid.*
3. *å sikre akutthjelp for både produksjonsdyr og smådyr.*
4. *å sikre beredskap mot alvorlege smittsame dyresjukdomar og oppretthalda god dyrevelferd.*
5. *å sikre deltaking i førebyggjande dyrehelsearbeid i samarbeid med kommunane og andre aktørar.*
6. *i sum å sikre dyrevelferd og trygg mat.*

Denne avtalen gjeld frå 01.04.2017 til 31.12.2020. Avtalen kan ikkje seiast opp i avtaleperioden utan at vesentlege føresetnader i avtalen vert brotne. Avtaleperioden kan forlengast med inntil 1 år. Eventuell ny avtale skal vere på plass før gjeldande avtale går ut.

Som kompensasjon for tapt inntektsgrunnlag ved flytting av primærpraksisen frå Voss til Vaksdal og Modalen, garanterer kommunane for at Asle Bjørngaas får **kr 300 000,-** i kompensasjonsmidlar per år i avtaleperioden.

Årleg finansiering skal skje ved yting av eit driftstilskot frå Vaksdal og Modalen kommunar, kombinert med tilgjengeleg stimuleringstilskot frå fylkesmannen i Hordaland.

Utbetaling av kompensasjonsmidlar skal finne stad to gonger i året, i juni og desember kvart år.

I tillegg til årleg kompensasjon, kjem statleg vakttilskot ved deltaking i interkommunal veterinærvaktordning og tilgjengeleg stimuleringstilskot for deltaking i veterinærvakta og til innkjøp av utstyr o.l.

Stimuleringstilskotet vil kunne variere frå år til år, avhengig av tildelinga frå fylkesmannen, og det vert arbeidd med regionale samarbeidsløysingar for veterinærsituasjonen i Voss vest og Voss aust vakttdistrikt som kan påverke bruk av tilskotet framover.

Ansvar for å skaffe vikar/avløysing ved behov, ligg til veterinær.

Det er/vert inngått eigen avtale om veterinærvakt for Voss vest vakttdistrikt, som Vaksdal og Modalen høyrer til. Det er ein føresetnad at veterinær deltek i vaktordninga.

Det er ein intensjon at veterinær skal medverke til kurs for bønder og anna førebyggjande dyrehelsearbeid.

Dale 12/5-17
Stad/dato

Dale 7/5-2017
Stad/dato

Mo 25.04.17
Stad/dato


Veterinær


Vaksdal kommune


Modalen kommune
 Modalen kommune
Rådmannen